



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Martin Søgner, 5764 3079

Til kommunane i Vestland v/ fagansvarlege for landbruk, avlöp, teknisk og forureining

Kommunen skal melde inn landbruks- og miljøtiltak for betring av vasskvalitet

Regional plan for vassforvaltning for Vestland er ein plan for å betre miljøtilstanden i vatn i Vestland vassregion. Gjeldande plan for 2022-2027 skal no oppdaterast. De har fått meir utfyllande informasjon om dette arbeidet i brev frå Vestland fylkeskommune datert 13.01.2026, "Oppdatering av vassforvaltningsplanen for Vestland 2028-2033 - oppgåver i 2026".

Kommunen skal legge inn tiltak i planen. Her har landbrukskontoret, teknisk etat, VA og kommunen som miljøstyresmakt ei viktig rolle. Lokal kunnskap og lokal forståing er viktig for målretta og gode tiltak. Kommunen skal legge inn tiltak i samarbeid med vassområdekoordinator, og her er det viktig med tett dialog.

Når kommunen legg inn tiltak skal de nytte tiltaksretteleiar frå Miljødirektoratet. Fram til vi får ein oppdatert rettleiar skal vi nytte rettleiaren frå 2022 som de finn [her](#).

Aktuelle tiltak og utfordringar

Den økologiske tilstanden i mange vassførekomstar i Vestland er påverka av fleire menneskeskapte faktorar. Dei største og vanlegaste årsakene er tilførsel av næringsstoff og fysiske inngrep.

Her har vi vald ut særleg aktuelle tiltak frå rettleiaren frå 2022 som vi meiner kommunen bør vurdere når de legg inn tiltak i planen. Andre tiltak kan òg vere relevante.

Tiltak og utfordring	Tiltaksplassering i rettleiar
Utvida gjødsellagerkapasitet for å unngå spreiding om hausten. Gjødsellager på leigejord for å bruke nok spreieareal. (SMIL-ordninga på dekke og Innovasjon Noreg kan gi tilskot til nybygging).	Side 37 – tiltak MT 287



Miljøvennleg spreiking av husdyrgjødsel (nedfelling, slangespreiing, spreiking i vekstsesong) – kan gi tilskot frå RMP.	Side 38 – tiltak MT 292
Tilsyn av gjødselregelverk med nye krav, mellom anna med fokus på fosforgjødsling og spreieareal.	Side 38 – tiltak MT 336
Gjødselfrie kantsoner langs vassdrag , RMP-tilskot utover minimumskrava, i vassførekomst som ikkje når miljømål.	Side 39 – tiltak MT 348
Tiltak mot erosjon og avrenning , inkludert hydrotekniske anlegg. Dette kan samstundes gi bedre tilpassing til endra klima. (SMIL-ordninga for å forbetre miljøtilstand i vassdrag).	Side 37 – tiltak MT 289 Side 42 – tiltak MT 283, MT 338
Førebyggjande tiltak i vassdrag med elvemusling og anadrom fisk , som meldeplikt for hogst og ekstra oppfølging av skogsvegbygging, planering mm.	Side 42 – tiltak MT 281 Side 43 – tiltak MT 58
Spreidd avløp tilknytning til kommunalt anlegg, tilsyn med og utbetring av avløpsanlegg m.m.	Side 32
Kommunale avløpsanlegg tilsyn med og utbetring/oppgradering av avløpsanlegg	Side 30-31
Restaurering , for å kunna nå dei nasjonale måla om å restaurera minst 15% av forringa vassdrag og at fleire vassdrag blir restaurerte enn dei som får forverra miljøtilstand.	Side 14-16 – tiltak MT 104 - 108 Side 16-19 – tiltak MT 109 – 114 Side 39 – tiltak MT 282, 361, 362
Forsøpling av plast frå landbruket, gjennom rundballelagring og bruk.	Side 81 – tiltak MT 121, MT 123

Landbruk

Tap av næringsstoff ved diffus avrenning frå jordbruksareal er ein viktig årsak til påverknad frå jordbruk. Då er det ofte behov for meir enn eitt tiltak for at ein vassførekomst skal nå miljømålet. På føretak med mjølk, fjørfe eller svineproduksjon er det mykje husdyrgjødsel som skal handterast, med tilhøyrande risiko for tap av næringsstoff til vassdrag. Den nye gjødselbrukforskrifta stiller strengare krav til lagring og spreiking av husdyrgjødsel. Tiltak utover minimumskrava i forskrifta kan vere nødvendige for å nå miljømåla.

I vassdrag med sårbare artar kan det vere behov for førebyggjande tiltak for å unngå framtidig partikkelavrenning frå gravearbeid eller hogst. Flatehogst, bygging av skogsveg og planering/nydyrking er prosjekt som gjev auka risiko for partikkelavrenning.

Avløp - om regelverket, kommunens plikter og nasjonale føringar

Statsforvaltaren har ei forventning om at alle kommunar legg inn tiltak som viser korleis kommunen vil arbeide med avløp i ny regional plan for vassforvaltning. Vi har også ei forventning om at kommunane tar eigarskap til og inkluderer dei aktuelle tiltaka i andre tilgrensande/overlappende planar i kommunen, som til dømes kommunedelplan for avløp. I [Tiltaksrettleiaren](#) side 30-32 finn de aktuelle tiltak som kan leggjast inn i planen.

Alle avløpsanlegg, også eldre anlegg bygd før 2007, skal minst oppnå reinsekrava gitt i forureiningsforskrifta kapittel 12 til 14. Svært mange av avløpsanlegga som er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 i Vestland, oppnår ikkje desse krava i dag. Dei samla utsleppa



frå slike anlegg er, saman med utslepp frå landbruk, ei av dei viktigaste påverknadene og årsakene til redusert vasskvalitet spesielt i mange av ferskvassresipientane i fylket¹.

Som forureiningsstyresmakt for spreidd avløp og mindre avløpsanlegg har kommunen ansvar for å ha oversikt over desse anlegga, føre tilsyn og stille krav om oppgradering dersom anlegga ikkje oppnår aktuelle reinsekrav. Ifølgje nasjonale føringar² skal arbeidet med opprydding i eldre avløpsanlegg setjast i gang og følgjast opp med ei framdrift som sikrar at målsettinga om god miljøtilstand i alle vassførekomstar blir nådd innan 2027, og seinast innan 2033.

Restaurering

Restaurering av vassdrag er viktig for å betra miljøtilstanden i vatn i Vestland. Noreg har ein nasjonal strategi for restaurering, med mål om å restaurera minst 15 % av forringa vassdrag og snu utviklinga slik at restaureringa overstig nye forverringar. Det finst fleire tilskotsordningar hos Miljødirektoratet som kan brukast til vassdragsrestaurering:

- Tilskot til vassmiljøtiltak, restaureringstiltak Oslofjorden, kalking og anadrom laksefisk.
- Natursats - Tilskot til arbeid med å vareta naturmangfald
- Tilskot til naturrestaurering
- Frå kommunen: SMIL-tilskot til gjenopning, naturvennleg erosjonssikring mm knytt til landbruket

Restaurering kan òg fungere som flaumsikring, noko NVE og andre fagmiljø kan gi bistand om. Vassdrag med sårbare artar, spesielt elvemusling og anadrom laksefisk, bør prioriterast for restaurering eller førebyggjande tiltak.

Med helsing

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Bjørn Harald Haugsvær
assisterande direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Vedlegg - informasjonsbrev til kommunane - vasstiltaksarbeid

¹ Hovudutfordringar i Vestland vassregion 2028-2033. [Planperioden 2028 - 2033: Planprogram og hovudutfordringar i Vestland vassregion - Vannportalen](#) s. 18 og s. 22-24.

² [Nasjonale føringar for arbeidet med å oppdatere de regionale vannforvaltningsplanene - regjeringen.no](#). kap. 5.3



Mottakerliste:

Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyrapplassen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD



Vedlegg – Informasjonsbrev til kommunane – vasstiltaksarbeid

I dette vedlegget har vi tatt med informasjon som Statsforvaltaren meiner er viktig for kommunen å tenke over i sitt arbeid med vasstilstand, og som supplerer hovudbodskapen i brevet.

Utfyllande om avløp

Meir om forureiningsforskrifta kapittel 13: Korleis forhalde seg til komande nytt avløpsdirektiv

Når det gjeld oppgradering av avløpsanlegg omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 13, har vi inntrykk av at ein del kommunar «sit på gjerdet», og ønskjer å vente med å gjennomføre nødvendige oppgraderingar inntil ein veit kva det nye avløpsdirektivet vil innebære av nye krav. Vi vil her understreke at dersom kommunen har avløpsanlegg som ikkje oppnår reinsekrava i dagens regelverk, har kommunen som forureiningsstyresmakt ansvar for å sjå til at desse anlegga så snart som mogeleg blir oppgradert til å oppnå gjeldande krav. Kommunen kan i slike tilfelle ikkje vente på nytt direktiv før ein startar arbeidet med å oppgradera anlegga. Nye krav etter nytt direktiv kan ligge fleire år fram i tid.

Sidan det er sannsynleg at det i mange område vil kome nye reinsekrav om nokre år, vil vi likevel rå kommunen til å sørge for at dei nye anlegga blir planlagt slik at dei kan tilpassast eventuelle nye strengare reinsekrav i framtida. Ved planlegginga av nye anlegg bør det altså tas høgde for eventuelle nye reinsekrav både ved avsetting av areal (velje tomt med nok tilgjengeleg areal til mogeleg utvidingar), val av reinseløysing, og i plan for kor mange anlegg ein ønskjer å etablere i kommunen. I tillegg kan tiltak på leidningsnettet som separering og oppgradering vere nyttige når nye meir avanserte anlegg skal etablerast.

Spreidd avløp – aktuelle tiltak

Sentrale føresetnader for framdrifta i oppryddinga i spreidd avløp i kommunen, er at oppgraderingsarbeidet er politisk forankra, og at det blir satt av tilstrekkelege ressursar til arbeidet. Slik forankring bør sikrast ved å utarbeide planar med konkrete føringar og målsettingar for arbeidet, som blir vedtatt politisk (t.d. i kommunedelplan for avløp). Ressursar til arbeidet kan sikrast gjennom gebyrforskrifter for tilsyn og sakshandsaming (heimel i forureiningsforskrifta § 11-4). Statsforvaltaren har ei forventning om at alle kommunar som framleis manglar planar og ressursar til dette arbeidet, får dette på plass helst før planperioden 2028-2033.

Utfyllande om landbruk



Rutine på byggesakshandsaming – spesielt for landbruksbygg/tiltak

Nybygg av silo og gjødselkum krev ikkje lenger eigen slutt-godkjenning av kommunen etter gjødselregelverk. Det er heller ikkje lenger ei oppgåve for kommunen å gjere slutt-godkjenning av byggeprosjekt som har fått tilskot frå Innovasjon. Manglande fokus på byggtekniske kvalitetssikring kan gi risiko for forureining. Det er viktig at byggesak tar med vurdering av forureining i handsaminga, og vi oppfordrar til gode rutinar mellom avdelingane i kommunen.

Under dette ligg:

- Byggesaksvurdering må inkludere plassering av nytt gjødsellager og fôrlager, med tanke på avstand til vassdrag og fare for forureining og flaum.
- Føretak som bygger må ha drenering rundt lager, med inspeksjonskum som sikringstiltak for kontroll av mogleg lekkasje.
- Det må vere stor nok kum for oppsamling av silopressaft , tilpassa kor stort anlegget er og risiko ved straumstans.
- Tappeplass må vere utforma slik at ein unngår forureining

Etter det vi kjenner til vil landbruks- og matdepartementet i løpet av 2026 vurdere eventuelle tiltak knytt til byggteknisk kvalitetssikring.